



KVINNHERINGEN AS

Husnes

5460 HUSNES

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	452 10 707	2020/3112-8		18.12.2020

Nytt avslag på krav om innsyn - Kvinnherad Arena - Kvinnheringen

Vi viser til krav om dokumentinnsyn av 28.10.2020 som gjeld «alle dokument som gjeld arbeidet med tilkomstvegen til Kvinnherad Arena».

Vi ga avslag i innsynskravet 03.11.2020 «for dei dokumenta som gjeld korrespondanse med entreprenør, av omsyn til kommunen sin økonomiforvaltning og forhandlingsposisjon. Avslaget er heimla i offentleglova § 23». Sjølvve kontrakten vart oversendt. De klaga på avslaget og vi sendte den over til Fylkesmannen i Vestland 10.11.2020.

Fylkesmannen i Vestland oppheva kommunen si avgjerd av 03.11.2020, då offl. § 23 første ledd berre gir høve til å gjere unntak for opplysningar, ikkje heile dokument. Saka vart sendt tilbake til kommunen for ny vurdering av innsynskravet.

Vi har vurdert kravet om innsyn på nytt. Vi står fast ved at opplysningane i dokumenta det er bedd om innsyn i må unntakas innsyn av omsyn til kommunen sin økonomiforvaltning og forhandlingsposisjon. Vi viser her til tidlegare grunngjeving i saka: *«Korrespondansen mellom kommunen og entreprenør gjeld i stor grad forståing og drøfting av kontraktuelle tema. Kommunen meiner at å gi innsyn i denne korrespondansen vil kunne skade forhandlingsposisjonen eller den strategiske stillinga til kommunen i framtidige saker. Dersom korrespondansen skal vere offentleg kan drøftingar gjennomført i denne saka bli lagt vekt på i forhandlingar med andre aktørar seinare, sjølv om bakgrunnen for drøftinga kan vere ulik og situasjonen ein annan. Dette kan skade kommunen økonomisk både ved inngåing av nye kontraktar og i utføring av nye kontraktar.»*

Vi har og vurdert om det er grunnlag for å gjere unntak for resten av dokumenta etter offl. § 12.

Etter vår vurdering utgjer dei unnatekne opplysningane «den vesentlegaste delen av dokumentet», og det er difor heimel til å gjere unntak for resten av dokumenta etter offl. § 12

bokstav c). Sett bort frå dei opplysningane som haldast utanom innsyn vil ikkje dokumenta gi noko meining eller ha noko informasjonsverdi, difor er det naturleg å gjere unntak for heile dokumentet.

I tillegg til at opplysningane unntakas med omsyn til kommunen sin økonomiforvaltning og forhandlingsposisjon, er det nokre opplysningar som og må unntakas innsyn grunna teieplikta i offl. § 13 første ledd nr. 2, jf. fvl. § 13.

Om meirinnsyn viser vi og her til tidlegare grunngjeving i saka: *«Sidan kommunen reknar dei etterspurde opplysningane for å vera i kjerneområdet til unntaksføresegna i § 23 første avsnitt og at kommunen har eit reelt behov for å unnta dei, vil kommune sitt behov for unntak etter vårt syn vega tyngre enn «omsynet til offentleg innsyn» jamfør offentleglova § 11. Meirinnsyn vert difor ikkje gitt.»*

De kan klage på vedtaket til Fylkesmannen i Vestland, jf. offl. § 32. Klagen sender de til oss og vi sender vidare til fylkesmannen. Klagefristen er 3 veker frå avslaget er motteke, jf. fvl. § 29 første ledd jf. offl. § 32 tredje ledd.

Med helsing

Hilde Kjelstrup
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.